



LIVET & SÅNN

VENNER 1. TRINN

SKJERMEN VISER:	I TIMEN:
	Introduser temaet og sjå Venner på skolen - YouTube
	<ul style="list-style-type: none"> Korleis kan vi vise at vi vil vere venner med kvarandre?
	<ul style="list-style-type: none"> I filmen sa dei at det finnast mange typar venner, kva forskjellige venner kan vi vere?
	<ul style="list-style-type: none"> Kva betyr det å vere klassevenner og skolevenner?

Velg ein eller fleire av desse leikane:


Eg heiter ... og eg gjer slik:

Denne leiken kan gjerast på ulike måtar, og handlar om å kople eleven sitt namn med ein bevegelse alle kan gjere. Kva elev får lov å bestemme bevegelsen som skal brukast til sitt namn. Vis eksempel på bevegelsar slik at alle klarer å velge ein ting dei vil gjere, til dømes hoppe, hinke, vinke, knipse, bukke, danse, snu seg rundt, noko lite med ei hand, klappe osb.

- I første omgang la ein og ein elev kome fram og seie namnet sitt og vise bevegelsen. Så seier dei andre «Hei (namn)» og gjer bevegelsen saman.
- Neste gong kan de stå i ein ring, og den eine startar med å seie «Eg heiter ... og eg gjer slik»: (bevegelsen). Så skal neste mann seie den andre eleven sitt namn medan han gjer denne bevegelsen, og så seie sitt namn og vise sin bevegelse, og så vidare rundt ringen
- Til slutt kan de prøve at alle i ringen skal bli med på alle sine namn og bevegelsar. Anten berre ei runde rundt saman, eller start på det første namnet og bevegelsen, og gjenta alle for kvar elev som legg til «og eg heiter... og eg gjer slik:...». Då vert det mange repetisjonar og lett å lære namna.


Finn dyrevennen din:

- Skriv ut vedlegget med dei seks dyreteikningane, kipp ut og gi kvar elev eit hemmeleg dyr som ingen andre ser. Sørg for at det er minst to elevar som får same dyr.
- Be elevane gå roleg rundt i klasserommet medan dei seier lyden til sitt dyr, heilt til dei finner den eller dei andre som lagar same lyd/er same dyret.
- Når alle har funnet gruppa si kan dei snakke litt med kvarandre, og kanskje finne ut nokre få ting dei synes er veldig bra med sitt dyr?
- I tillegg kan de bruke bilda til å fargelegge, eller spele bildelotto, lære kva dei heiter på engelsk, eller to dyregrupper kan samarbeide om å finne på ei historie om korleis dei to dyra vart venner sjølv om dei var veldig ulike.



Litt hjelp frå venene dine

- Gje kvart barn eit tørkepapirark som dei legg på hovudet sitt.
- Be barna bevege seg rundt til musikk medan dei prøver å halde papiret på hovudet utan å bruke hendene.
- Dersom papiret fell av, må barnet stå heilt stille i frys.
- Så er det om å gjøre for andre barn å hjelpe det «frosne» barnet ved å leggje papiret tilbake på hovudet, slik at barnet kan bli med i leiken igjen – helst utan å miste sitt eige papir.



Denne leiken hjelper elevane med å bli meir merksame på andre som treng hjelp.

Sjå første del av [Klassevenner - alle skal få være med - NRK TV](#) fram til 2:03 Stopp ved neste overskrift «Hvordan kan vi ha det fint saman?»

På skolen skal vi lære å lese og skrive, og mange andre ting, men vi skal også lære å vere gode skolevenner.

▼ Å vere ein god skolevenn - til læraren

▼ Å vere ein god skolevenn - med elevere

Bruk for eksempel plakaten «Eg er ein god skolevenn» og snakk, vis og øv på dei ulike punkta saman. Sjå instruksjonsarket til læraren.

Sjå andre del av [Klassevenner - alle skal få være med - NRK TV](#) fra 2:05 – 5:55 som handlar om å kva elevane kan gjøre om dei kranglar med nokon. De kan eventuelt også bruke materiell herfra: [Økt 2: Detektiver etter en krangel / Å ha det fint sammen / 1.-4. trinn / Jeg vet](#) Der får du gode tips til spørsmål med visuell støtte for elevane.

Målet er å lære elevane korleis dei kan gå fram for å få det bra saman etter ein krangel.

Bruk fleire leikar. Til dømes frå dette leikeheftet: io.kommune.no/tjenester/skole-og-utdanning/robuste-barn/lekehefte/